

# Årsmelding

Ytre Arna sokn

2019



# Årsmelding for Ytre Arna sokneråd 2019

## Vedlegg

Årsmelding frå:

- Konfirmantarbeidet
- Trusopplæring
- Diakonalt arbeid
- Noa open barnehage
- Arna og Ytre Arna kyrkjekor
- Felles kyrkjelydsblad - Åsane prosti
- Årsstatistikk for 2019
- Årsrekneskap for 2019

## Soknerådet

### Medlemmer frå 1. januar tom 31. oktober 2019

Jorunn Haukås (leiar), Hilde Kvinge Rannestad (nestleiar), Helge Bognøy, Tor Oddvar Holmefjord, Thor Kalland, Astri Ågot Kristvik Vårdal og Ingvar Fløysvik.

### Varamedlemmer

Marianne Vevle Hjortland, Irene Liseth, Svanhild Mari Strømsnes Birkeland, Rozalie Hadazi og Anita Merethe Brattaule Frekhaug.

### Medlemmer frå 1. november 2019

Jorunn Haukås (leiar), Hilde Kvinge Rannestad (nestleiar), Helge Bognøy, Thor Kalland, Marianne Vevle Hjortland, Jan Olav Lien Hansen og Ingvar Fløysvik

### Varamedlemmer

Anita Merethe Brattaule Frekhaug, John Skartveit, Rozalie Hadhazi og Svanhild Mari Strømsnes Birkeland.

Totalt har det vore 9 soknerådsmøte i 2019.

## Tilsette

<b>Sokneprest</b>	Ingvar Fløysvik	100% stilling
<b>Organist</b>	Bjørn Bergmann	50% stilling
<b>Kyrkjemusikar</b>	Anita Frekhaug	engasjement
<b>Administrasjonsleiar</b>	Benthe Vevle	60 % stilling
<b>Medarbeidarkoordinator</b>	Benthe Vevle	30 % stilling
<b>Diakon</b>	Marit Bjørsvik	70 % stilling

Frå hausten 2018 vart Marit sin stilling auka med 45% til flyktningarbeidet. Dette er eit prøveprosjekt i 2 år.

<b>Diakonimedarbeidar</b>	Marianne Hjortland	25 % stilling
<b>Trusopplærar</b>	Marianne Hjortland	30 % stilling
<b>Assistent i Noa</b>	Marianne Hjortland	20% stilling (frå 1. oktober)
<b>Kyrkjetenar</b>	Monica Ohr	50 % stilling
<b>Kyrkjetenarvikar</b>	Jan Olav Hansen	
<b>Kyrkjetenarvikar</b>	Synne Hjortland	
<b>Styrrar i open barnehage</b>	Irene Liseth	50 % stilling
<b>Reinhaldar Noa open b.hg.</b>	Irene Liseth	8 % stilling

## Barne og ungdomsarbeid

### Ytre Arna Barnevokal



Anita Frekhaug dirigerer Ytre Arna barnevokal. Ho er engasjert av soknerådet (i tilsvarande ei 10 % stilling). Dei har øvingar kvar torsdag frå kl.17 til kl.18. Koret hadde 15 medlemar i 2019

#### Våren 2019

10. februar - familiegudsteneste  
30.mars – kyrkjelyden sin basar  
27.april – Waldemarkonsert i Arna kyrkje.  
01.mai – Ytre Arna kyrkje

#### Hausten 2019

08.september - gudsteneste  
27.november - jule /jubileumsmiddag Saniteten  
1. desember - lys vaken  
15.desember – felles julekonsert  
24. desember – gudsteneste

### Trusopplæring

*Frå lys vaken. (19 born overnatta i kyrkja)*



Marianne Hjørtland er tilsett i stillinga som trusopplærar (30%) og har ansvar for arbeidet med trusopplæring i kyrkjelyden.

- Utdeling av materiell til dåpskontaktane.
- Waldemarkonsert i Arna kyrkje.
- Ansvarleg for 24 timars festivalen som var i Bjørnarhallen saman med kateket i Arna og representant frå misjonskyrkja.
- Planlegging og gjennomføring av festivalen.
- Utdeling av 4-års bok.
- Utdeling av 6-åre bok.
- Lya vaken
- Barnesong.
- Frå lys vaken gudstenesta

*Årsmelding vedlagt.*

### **Noa open barnehage**

Irene Liseth er tilsett som styrar i Noa open barnehage.

Gjennomsnittleg frammøte i 2019 var 14 barn.

Marianne Hjortland har vore assistent i Noa på timar. Frå 1. oktober fekk ho fast tilsetting i 20% som assistent i Noa.

Rozalie Hadhasi er assistent og vaskevikar i Noa.

Noa open barnehage hadde 10 års jubileum i 2019.

*Frå 10 års jubileet til Noa.*



*Årsmelding vedlagt.*

### **Barnehage og kyrkjesamarbeid.**

Alle barnehagane i Ytre Arna vart inviterte til julevandring i kyrkja. Det var tre vandringar. Festangen barnehage hadde to vandringar i Arna kyrkje.

#### **Påskevandring**

Vi hadde påskevandring med Noa open barnehage i Ytre Arna kyrkje.

Festangen barnehage var til påskevandring i Arna kyrkje.

I tillegg vitja ei gruppe frå Ytre Arna barnehage kyrkja i samband med pinse.

### **Skule- og kyrkjesamarbeid**

Det er godt samarbeid med skulane i Ytre Arna. Det var to skulegudstenester til jul.

#### **Vandring gjennom Bibelen**

Dette er eit undervisningsopplegg for 5-klassingar. Vandring gjennom Bibelen for barn er et undervisningsopplegg utarbeidd av Det Norske Bibelselskap. Kurset går over 4 skuletimer. Kurset er eit samarbeid mellom kyrkja og skulane.

Kurshaldar av bibelvandringa er Ingvar Fløysvik.

I 2019 var det vandring med to klassar på Ytre Arna skule.

## Konfirmantarbeidet

*Årsmelding vedlagt.*

## Nemnder og utval

### Diakoniutvalet

Det er ikkje diakoniutval i kyrkjelyden for tida. Kyrkjelyden har likevel ein god del aktivitetar som har diakoni i seg, så som: open barnehage, minnedag for etterlatne, kjøkkenteneste på klubben for utviklingshemma i Arna kyrkjelydshus.

Diakon Marit Bjørsvik.

*Bilete frå ressursamling i Ytre Arna kyrkjelydshus.*



*Årsmelding vedlagt*

Diakonimedarbeidar Marianne Hjortland.

*Årsmelding vedlagt.*

### Cellegrupper

Cellegruppene er ein viktig arena for kristent fellesskap. Vi har 5 cellegrupper. Tre av desse som har følgd semesteropplegga, to har hatt eigne opplegg, og alle har hatt tenestefunksjonar i gudstenester og bedehusmøte.

Både temasamlingane og cellegruppene er eit samarbeid mellom Ytre Arna kyrkjelyd, Haugland Indremisjon og Ytre Arna Indremisjon. Celleleiarforum, som består av leiarane i gruppene og leiarane i bedehusstyra og soknerådet, har hatt 2 møte der ein evaluerer tema og samlingar i halvåret som er gått, og bestemmer datoar og tema for neste semester. Tema for våren var *Du er dyrebar; få vera ærleg og likevel elska*. Hausten hadde vi temaet *Mine kjære: No er vi Guds born*.

### Husstyret

Helge Bognøy (leiar), Tor Oddvar Holmefjord, Thor Kalland, Jan Olav Hansen, Alise Bjørnstad og Jorunn Haukås.

Husstyret har i år:

- Gjennomgang av branntryggleiken og testa røykvarslarar.
- Innkjøpsansvarleg (forbruksartiklar)
- Renser varmepumpa kvar mnd.

### Kyrkjelydshuset

Huset vert nytta mykje i konfirmantarbeid, sokneråd, utval og styremøte. Det vert brukt til festar og andre arrangement. Det vert nytta til utleige ved dåp og gravferd. Noa open barnehage har vore i kyrkjelydshuset sidan 2009.

Ytre Arna sanitetsforeining leiger huset til sine samlingar.  
Sigurd Djønne ser på muligheiter for å lage leilegheiter i kyrkjelydshuset.

## Gudstenestene

I 2019 har vi som vanleg feira både høgmesser, temagudstenester, familiegudstenester, ungdomsgudstenester og lysmesse. Nytt av året er to internasjonale gudstenester (2. pinsedag og 4. sundag i advent, begge kl. 19.00), der tekstar vart lesne på ulike språk og preika vart halden på framandspråka bokmål og engelsk. Med få unntak er det sundagsskule kvar gong det ikkje er familiegudsteneste. I tillegg er det sundagsskule skiftevis på dei to bedehusa i soknet dei sundagane det ikkje er gudsteneste – i samband med sundagssamlingane der.

Det gjennomsnittlege frammøtet på gudstenestene er litt lågare enn fjoråret, men på linje med tidlegare år (Talet for 2018 var særst høgt på grunn av fleire dåp, mange konfirantar og fleire store kor). Talet på døypte i Ytre Arna kyrkje vippar ein del frå år til år, medan talet på døypte med adresse i soknet held seg jamnare.

	<b>gudstenester</b>	<b>deltakarar</b>	<b>konfirmerte</b>	<b>døypte</b>
<b>2017</b>	<b>33</b>	<b>gj. 78</b>	<b>20</b>	<b>17</b>
<b>2018</b>	<b>32</b>	<b>gj. 84</b>	<b>34</b>	<b>17</b>
<b>2019</b>	<b>30</b>	<b>gj.78</b>	<b>25</b>	<b>16</b>

## Arrangement - Ytre Arna sokneråd

- *Det var årsmøte i kyrkjelyden 24. mars etter gudstenesta.*
- *Kyrkjelyden sin basar var 30. mars. Det kom inn 22 500 kr.*
- *Fasteaksjonen var 10. april. Konfirmantane samla inn 13 000kr.*
- *Det var fest for konfirmantane på skulen 8. mai. Det var godt frammøte.*
- *26. mai arrangerte Arna og Ytre Arna sokneråd saman med bedehusa 24 timers festival i Bjørnarhallen. Arrangementet for barn frå 4 til 7 klasse. Det var 275 barn tilstades.*
- *Midtsommarkveld arrangert av Ytre Arna vokal 19. juni*
- *22. september var 50-årskonfirmantane inviterte. Det kom 22 konfirantar.*
- *Det vart arrangert internasjonal gudsteneste 22. desember.*

## Kyrkjemusikk

### Forsongartenesta

Bjørn Bergmann har ansvaret for forsongartenesta. Det er forsongarar på dei fleste gudstenestene.

## Ytre Arna Vokal

Bjørn Bergmann dirigerer koret.  
Koret har øving kvar torsdag frå kl. 19:00

## Koret deltok på:

Våren 2019:

- 24. mars – gudsteneste
- 28. april – konfirmasjonsgudsteneste
- 03. mai – Ljoshall, Kvite bånd
- 05. mai – konfirmasjonsgudsteneste
- 23.mai – Birkeland kyrkje
- 16.juni - ekstraøving
- 17 jun - ekstraøving
- 19. juni - Vårkonsert

Høsten 2019:

- 22.september – 50 års konfirmanter
- 28.september – Åsane kyrkje
- 20.oktober - gudsteneste
- 17.november - gudsteneste
- 5.desember - julekonsert
- 8.desember – Olsvik kyrkje
- 15.desember, felles julekonsert i Ytre Arna kyrkje
- 25.desember – høgtidsgudsteneste.


Arna og Ytre Arna kyrkjekor, årsmelding vedlagt.

Ytre Arna barnevokal, sjå barne og ungdomsarbeid.

## Misjon, evangelisering

Ytre Arna sitt misjonsprosjekt er: China Lutheran Theological seminary

Kvittering for mottatt innsamla midlar i 2019 (kr. 27 000.)

	<b>中華信義神學院</b> China Lutheran Seminary 30080 新竹市東區大學路51號11樓 Tel: 035223406 #11, Lane 51, Tainan Rd., Hsinchu, 300, Taiwan		No. 1081398 財團法人基督教中華信義神學基金會 China Lutheran Theological Foundation, Inc. 法人登記證警登記證第九四第一〇二號 統一編號: 99273406 郵政劃匯: 0112108-1
茲收到: Received From	Ytre Arna Soku		
金額: Amount	USD1239.16		
項目: For	USD 1,239.16	擴建經費	0.00
日期: Date	27-Jun-19	經手人:	李育群
備註: Note			
	<b>中華信義神學院</b> China Lutheran Seminary 30080 新竹市東區大學路51號11樓 Tel: 035223406 #11, Lane 51, Tainan Rd., Hsinchu, 300, Taiwan		No. 1090119 財團法人基督教中華信義神學基金會 China Lutheran Theological Foundation, Inc. 法人登記證警登記證第九四第一〇二號 統一編號: 99273406 郵政劃匯: 0112108-1
茲收到: Received From	Ytre Arna Soku		
金額: Amount	USD1842.13		
項目: For	USD 1,842.13	擴建經費	0.00
日期: Date	09-Jan-20	經手人:	李育群
備註: Note			

本收據可供您作綜合所得稅列舉扣除抵減之用。

### **Kyrkjelydsbladet/informasjonsarbeid**

Kyrkjelydsbladet har kome ut med 5 nummer i 2019.

Bladet vert delt ut til alle husstandar i kyrkjelyden.

Redaktør er Magne Fonn Hafskor.

Astri Vårdal har vore Ytre Arna sin representant i styret for felles kyrkjelydsblad..

Lokal redaksjonsnemnd er Tor Oddvar Holmefjør og Ingvar Fløysvik

*Årsmelding vedlagd.*

### **Tilhøvet til kommunen, fellesrådet.**

Thor Kalland er soknerådet sin representant i Bergen kirkelige fellesråd.

Jorunn Haukås er vararepresentant. Asbjørn Vilkensen er kyrkjeverje i fellesrådet.

### **Økonomisituasjonen.**

Soknerådet er takksame for alle som har støtta opp om kyrkjelyden økonomisk.

*Rekneskap ligg ved.*

### **Årsstatistikk for kyrkjelyden**

*Årsstatistikken ligg ved.*



# Årsmelding frå konfirmantarbeidet i Ytre Arna 2019

Våren 2019 var det 25 konfirmantar som førebudde seg til konfirmasjon.

Hausten 2018 har me hatt 19 innskrivne konfirmantar. Dette er nok ein mindre del av kullet enn me har hatt dei siste to åra, men meir på line med det me opplevde for tre år sidan.

Nokre viktige datoar i 2019:

7. april	Samtalegudsteneste
10. april	Fasteaksjon
28. april og 5. mai	Konfirmasjon
8. mai	Konfirmantfest
25. august	Konfirmantpresentasjon
25.-27. oktober	Konfirmanthelg på Wallemtnet
1. desember	Lysmesse.

Konfirmantleiarar våren 2019:

Ingvar Fløysvik, Øystein Waagbø, Sigurd Lian, Anita Brattaule Frekhaug, Solveig Bognøy, Malene Eide Landøy, Helen Vikøy og Marianne Vevle Hjortland. På kjøkkenet: Jan Olav Hansen og Linda Kalsås.

Leiarar hausten 201:

Ingvar Fløysvik, Øystein Waagbø, Sigurd Lian, Anita Brattaule Frekhaug, Malene Eide Landøy, Marianne Vevle Hjortland og Samira Laward Badal Albadal. På kjøkkenet: Jan Olav Hansen og Linda Kalsås. I tillegg var Monica Kversøy Fagermo, Leonard Fagermo, Linéa Eide Landøy og Anne-Lise Schelander med på konfirmanthelga.

Øg i 2019 låg Ungdoms Alpha-kurset til grunn for undervisninga, med tillegg av nokre emne som må vera med i konfirmantundervisninga i Den norske kyrkja. Me møttest annakvar onsdag, fyrst til undervisning i kyrkjelydshuset og gjekk deretter i grupper. I vår hadde me fire grupper, i haust har me delt konfirmantane i tre grupper og har både vår og haust brukt både kyrkja og kyrkjelydshuset. Så har me avslutta med mat i kyrkjelydshuset. Konfirmantane skal òg vera med på minst åtte gudstenester i løpet av konfirmantåret.

Konfirmantane deltek vidare i aktivitetsgrupper knytte til barne- og ungdomsarbeidet i Ytre Arna: I haust har dei vore hjelpeleiarar i Ytre Arna Ving (3) og i T & T (2) på Ytre Arna bedehus og i Ytre Arna barnevokal (4). To har vore med å laga mat til konfirmantsamlingane. Resten har vore med på fredagskafeen i kyrkjelydshuset.

Alle konfirmantane (i grupper på tre-fire) får oppgåver på to gudstenester i året, til dømes lesa tekst, assistera ved dåp, ynskja velkomen i døra, køyra lysbiletepresentasjon osv. Dette har vore ei god oppleving.

Samtalegudstenesta legg vekt på deltaking og ikkje overhøyring. Konfirmantane leverer i staden eit 4-siders skriftleg arbeid der dei skriv om spørsmål knytte til emna me har arbeidd med gjennom året.

Konfirmanthelga er som vanleg ein svært viktig del av konfirmantopplegget. Konfirmantane er opne og deltek på ein positiv måte. Me trur mange gjer gode erfaringar av ein levande Gud i løpet av denne helga.

Konfirmantarbeidet er eit viktig arbeid der me får rikeleg høve til å så Guds ord i unge hjarto.

Ingvar Fløysvik

## ÅRSMELDING FOR TRUSOPPLÆRINGA I YTRE ARNA - 2019

I 2019 har det vore fokus på å fortsetta arbeidet med trusopplæringsplanen for Ytre Arna. Vi har i år óg hatt tiltak i samarbeid med trusopplærar i Indre Arna, med bedehusa i Ytre Arna, med bedehusa i Indre Arna og Misjonsmenigheten.

### Dåpskontaktar

Vi samla dåpskontaktane ein kveld i byrjinga av året. Der lagde vi til ei gåve til alle dei som har 1 års dåpsdag, 2 års dåpsdag og 3 års dåpsdag i løpet av året. Dåpskontaktane har ansvar for å dela ut desse gåvene.

### Barnesong

I år har vi starta med barnesong i Noa. Har jobba med å prøva ut kva type songar og aktivitetar som passar til aldersgruppa med tanke på at det i Noa bare er ca 50% norskstalende barn. Har hatt 10 samlinger i haust.

### Utdeling av 4- og 6-årsbok

Vi har hatt utdeling av 4-årsbok på familiegudsteneste, og vi har gjennomført utdeling av 6-årsbok på familiegudsteneste. På utdeling av 4 årsbok hadde vi 42% oppmøte, noko som er lågare enn tidligare år. På utdelinga av 6-årsboka hadde vi òg 42% oppmøte.

### Samling for 5-åringar

Vi har hatt samling for 5-åringar med musikk og trylleshow av Jarle Waldemar, eit samarbeid med Indre Arna. 33% oppmøte for Ytre Arna.

### LysVaken

Vi har hatt LysVaken for 11 åringane. Vi hadde 21 stk 11-åringar som overnatta i kyrkja saman med ein vaksen og tre ungdomsleiarar. LysVaken vart avslutta med familiegudsteneste.

Kjempebra oppmøte på LysVaken i år med 81% oppmøte.

### 24 hours festival

Vi har gjennomført 24 hours festival i Bjørnarhallen i samarbeid med Indre Arna kyrkje og alle bedehusa og misjonsmenigheta i heile Arna. Dette tiltaket var for born i alderen 10-13 år. Ytre Arna hadde godt oppmøte av born på tiltaket.

10 år – 75% oppmøte, 11 år – 50% oppmøte, 12 år – 13% oppmøte, 13 år – 12% oppmøte.

**Vi har hatt eit flott trusopplæringsår og satsar på å få til endå fleire tiltak og betre oppmøte i 2020.**

Trusopplærar i Ytre Arna

Marianne Hjortland

## ÅRSRAPPORT FLYKTNINGEARBEID

På Arna mottak budde det i 2019 ca 150 personar. Dvs. deler av høsten 2019 var kapasiteten «sprengt» med ca 180 bebuarar. Dette fordi fleire mottak vart nedlagde. Menneska på mottaket er ikkje ei ensarta gruppe. Med ulike land, kulturar, religionar og status i asylsaker representerer dei eit stort mangfald, og arbeidet blir difor lagt opp deretter.

### Unge sårbare flyktingar

Flyktingar frå ca 18-23 år blir spesielt ivaretatt på grunn av stillinga sin karakter om å hjelpe/støtte sårbare, unge flyktingar. Nokre av dei er svært unge for å kunne bu på eit vaksenmottak utan tilsyn om kveldane. Det er ca 10 av desse. Men talet er svært uforutsigbart fordi ikkje alle blir på mottaket så lenge, dei dreg vidare til kommune, eller går ut av systemet. Samtalar, praktisk hjelp og støtte i asylsakene er nokre av dei viktigaste diakonale tiltaka. Internasjonal samling annankvar mandag på Ytre Arna Bedehus er eit stabilt møtepunkt mellom dei yngste flyktingane og diakonen. KIA (Kristent interkulturelt arbeid) har språkkafe på mottaket. Diakonen møter også målgruppa her.

### Konvertittar

Det bur ca 6 konvertittar (frå islam til kristendom) på Arna mottak, kanskje fleire. Desse er frå Iran og Irak. Diakonen har i 2019 støtta desse gjennom samtalar og som vitne i 1 Rettsak i febr./mars (saman med prest). Internasjonal samling på Bedehuset er eit viktig møtepunkt med konvertittane. Dei har også delteke som tekstlesarar m.m på internasjonal gudteneste 10.juni og 22.des. Diakonen har også kontakt med andre Kyrkjer kor konvertittane har sitt faste haldepunkt. Pga oversetting til sitt eige språk er det naturleg at dei også finn seg til rette andre stader.

### Internasjonal samling

Annankvar mandag arrangerer Ytre Arna Indremisjon saman med Ytre Arna Kyrkje internasjonal samling på Bedehuset. Ca 10-15 flyktingar kjem. Kristne, muslimar, Bahai og yezedi. Dei fleste snakkar arabisk, farsisk, dari og kurdisk. Her startar ein med biljard og bordtennis. Deretter et ein eit varmt måltid mat saman. Diakonen ønsker velkomen og leder an songen. Undervisning/andakt er det som regel presten som har. Så samtalar ein om kveldens tema i den grad ein får oversatt det som blir sagt. Flyktingane sjølv tolkar for kvarandre. Tonen er litt misjonar i stilen, men prega av dialog og respekt.

### Papirlause flyktingar

Det bur ein del papirlause flyktingar på mottaket. Frå Etiopia, Eritrea, Iran, Irak osv. Desse har det ekstra tøft. Som Kyrkje tenker ein at kallet til å hjelpe også gjeld desse. Diakonen støttar ved samtale, gjev praktisk hjelp m.m. Nokre asylsaker blir også her følgt opp. Mennesker i Limbo (MIL) er ein organisasjon som spesielt prøver å betre rettighetane for papirlause. T.d i forhold til helse. Diakonen har regelmessige møtepunkt med MIL. Her er også Batteriet i Kirens Bymisjon støttespelar. Helsesenter for papirlause er også ein viktig samarbeidspartnar. På slutten av året 2019 fekk nokre

heilt få papirlause nyhenda om at dei kan søke om amnesti. Dette vil kunne gjelde 1-3 personar på Arna Mottak.

#### «Butikk/Hjelpesentral»

I øverste lokala i Kyrkjelydhuset har Diakonen samla klede og utstyr til flyktningane. Gode medhjelparar har også bidratt. Tanken er at dei som bur på mottaket skal bli spesielt ivartet. Dei betalar ein «gi-bort-pris». Det er 2 grunnar til at det ikkje er heilt gratis. For at dei ikkje skal hamstre og fordi det skal vere meistring rundt det å kunne betale litt for seg. Det er likevel ingen butikk i rette forstand. Det kjem inn nokre hundre kroner i året. Pengane går ut igjen til dei som har minst. Til bussbillett, til litt matvarer etc. Alt er småbeløp.

Gjennom denne hjelpesentralen er stikkord som barmhjertighet, verdighet, gjenbruk og miljø sentrale. Det er ikkje faste opningstider då det er eit poeng at den enkelte blir sett. Det er eit bord kor ein kan slå seg ned å få ein prat med diakonen. I 2019 har ca 70 personar vore innom.

#### Ressurssamling

I desember 2019 arrangerte diakonen i Ytre Arna ei samling saman med KIA, Kristent Interkulturelt arbeid.. Andre medvirkande var Helsesenter for papirløse og Mennesker i Limbo og 1 frivillig på mottaket. Her var formålet at fleire skulle få kjennskap til den svært sårbare situasjonen papirlause er i. Kva som finst av tilbod og ikkje minst kva som IKKJE finst. Det vart lagt vekk på helsesituasjon og vi fekk også høyre historiar frå papirlause sjølv. Tilbod om om samlinga gjekk ut til alle Kyrkjene i Bispedømmet. Det var ca 30-40 frammøtte. Det blei servert etiopisk/eritreisk mat og kaffi.

## ÅRSMELDING FOR DIAKONIMEDARBEIDAR I YTRE ARNA 2019

Stillinga som 20% diakonmedarbeidar vart oppretta 1. september 2013. I august 2014 vart stillinga oppjustert til 50%. Frå 1. januar 2014 vart det tilsett ein diakon i 25% stilling, og då gjekk eg ned i 25% diakonmedarbeidarstilling. Etter ynske frå fleire i kyrkjelyden vart det avgjort at stillinga i hovudsak skulle rettast mot ungdomsarbeidet i Ytre Arna, og då særskild inn mot «sårbar» ungdom.

I år har eg delteke i konfirmantarbeidet i Ytre Arna. Eg var med på konfirmantleiren. Eg har delteke i Noa open barnehage. Eg har hatt samtalar med personar i sorg eller annan form for krise, eg har bedt for dei som har ynskt forbøn, eg har hatt faste samtaler med ein ung mann i depresjon og eg har bidrege med praktisk hjelp der det har vore behov.

I august starta vi ein fredagskafé som er meint å vere ein samlingsplass for vaksne (15+) som ynskjer å koma saman. Her kan vi strikka, spele brettspel, spele tv-spel, laga mat saman m.m.

### **Konfirmantarbeid:**

I år fekk vi ikkje nok frivillige i konfirmantarbeidet og eg har difor vore hjelpegruppeleiar. I utgangspunktet ynskjer eg å vere overflødig for å kunne vere der for ungdom som treng litt ekstra vaksenkontakt eller nokon å snakka med. Vi har i år hatt ein konformant med utfordringar, og denne konfirmanten vart plassert på mi gruppe. Eg har òg vore med på konfirmantleir.

### **Noa open barnehage:**

I Noa har eg hatt samtalar med born og vaksne. I Noa møter eg nokre av de svake familiane som bur i Ytre Arna, og her legg eg eit godt grunnlag for vidare arbeid.

### **Samtale, forbøn og praktisk hjelp**

Som diakonimedarbeidar har eg kunna hjelpa born, unge og vaksne med ulike behov. Nokre har vore i sorg, nokre har hatt ein vanskeleg familiesituasjon, nokre har hatt behov for praktisk hjelp, nokre har hatt spørsmål om tru og tvil og nokre har ynskt forbøn. Har gjennom hausten hatt faste samtaler med ein ung mann i depresjon.

### **Fredagskafé**

Nytt av året er fredagskaféen i Ytre Arna. Vi er open annankvar fredag kl 18-20. Her er alle velkomen. Det har stor sett vore 6 faste konfirmantar, 2-3 ungdomar og 4-5 vaksne tilstades på kaféen. Vi ynskjer at endå fleire skal ta kaféen i bruk i 2020.

### **Avslutning:**

Året 2019 har vore nok eit godt år. Eg er svært takksam for at eg får vera i ein posisjon der eg kan utgjera ein positiv skilnad i unge menneskers og barnefamiliers liv.

Diakonmedarbeider

Marianne Hjortland

## ÅRSMELDING FOR NOA ÅPEN BARNEHAGE

Januar 2019 startet veldig bra. Vi hadde mange familier fra høsten 2018 som fortsatte også vinteren 2019, samtidig som vi fikk stadig nye familier. Marianne er fast onsdager i Noa.

Vi har avtale med biblioteket og er der en torsdag i mnd. Dette er veldig kjekt. Vi er fremdeles med i prosjektet «språkkassen» som går gjennom biblioteket. Der vi låner ut bøker i Noa på forskjellig språk.

Februar hadde vi, i tradisjonens tro, karneval og klovn i Noa som er veldig populært.

Vi har også vært i kirken på påskevandring. Våren har vi brukt uteområdet i Noa mye.

Fellestur for alle åpnebarnehager gikk til fløyen, med leker og grilling.

Vi har også brukt mye forskjellig formingsaktiviteter, der vi har bruker ulike materialer som bla.sukker, baberskum, konditorfarge som har gitt mange flotte resultater.

Vi feiret 17mai i Sætreparken, med potetløp, pilkastning på ballonger m.m. en veldig kjekk dag.

Vi avsluttet våren med sommeravslutning i Noa med, fising etter is, ansiktsmaling hot dog og sangsamling.

Lia er vikar og vasker i barnehagen. Dette er vi veldig glad for.

Gjennomsnittet for våren 2019 er 14 barn.

Høsten opplevde vi også som en god start. Vi har fått mange flott nye familier som kommer stortsett hver dag.

Marianne er fast i Noa tirsdag og onsdag.

Denne høsten har vi også hatt en elev fra Garnes videregående skole i praksis. Han har vært i to ulike praksisperioder. Han kommer også våren 2020.

Vi besøker fast biblioteket i gang i mnd.

Vi har kjøpt symaskin, der Lia har lært foreldre å sy. Veldig kjekt.

En mor i barnehagen som er massør, har hatt med seg utstyr og gitt massasje til oss i Noa.

Noa var 10år i 2019, dette feiret vi med sanseteater, fantastisk flott hvitdame kake som Marianne har laget, og flere foreldre kom med kaker og vi hadde åpen dør for alle, så vi fikk stort fint besøk fra kirkekontoret i Arna, der det ble taler og utdeling av gaver.

2019 avsluttet vi med Julevandring og nissefest. Gjennomsnittet for høsten 2019 ble 11barn.

Lia er vikar og vasker i Noa. Noe vi er veldig glade for.

## Årsmelding, 2019, for Arna- og Ytre Arna kyrkjekor.

Kora starta opp igjen etter Jul og Nyttår tysdag 31. januar. Kora var rimeleg fulltalige og klare til å ta fatt. Øvingsdagen vart flytta frå tysdag til torsdag kl. 16:30 til 18:30. Øvingane er i kyrkjestova om ikkje anna er avtalt.

Når me fekk presentert semesterplanen for våren såg ein at det ville bli ei travel tid fram til semesterslutt torsdag 6. juni.

I tillegg til song ved nokre Gudstenester og tre deltakingar under kulturdagane skulle vi, i saman med Haukeland songlag og andre, delta i eit prosjektkor.

Dette i samband med konsert i Arna kyrkje, 28. April, med Kjersti Wiik.

«Kvilestein» folketonar i ny drakt.

Torsdag 22. august starta haustsemesteret og det vart avslutta 12. desember med song på Arna Helseheim, Stølsvegen og Utløebakken. Så ei avslutting med litt å bite i, i kyrkjestova, før ein gjekk kvar til sitt.

Det vart eit prosjektkor om hausten og. Koret skulle framføre «Visst skal våren komme» i samband med Jan Kåre Jakobsen si avskilsgudsteneste den 24. november.

Koret har hatt tjuefire øvingar, fjorten vår og ti haust.

Det har vore eit styremøte og årsmøte.

### **Felles styre.**

Leiar: Alice Bjørnestad

Nestleiar: Kirsti Rolland

Kasserar: Marianne Fanebust (Kyrkjekontoret. Ho fører rekneskapen for kora.)

Skrivar: Tor Nævdal

Servering: Egil Vestbøstad

Styremedlem: Randi Daae Stordal (Ny)

Varamedlem: Ingrid Velure (Ny)

### **Oppdrag vår.**

Gudstenester, Arna kyrkje: 10. Februar, 3. mars, 7. april og 21. april.

28. april konsert med Kjersti Wiik.

8. mai: Føremiddagstreff, Arna bedehus. Kulturdagane.

9. mai: Concert Romantique. Arna kyrkje. Konsert for komande brudepar. Kulturdagane.

10. mai: Salmekveld. Arna kyrkje. Kulturdagane.

### **Oppdrag haust.**

Gudstenester: Arna kyrkje: 22. september, 24. november, avskilsgudsteneste for Jan Kåre Jakobsen.

17. oktober: Diakonikveld. Arna kyrkjelydshus.

Dirigent: Kantor Olav Arne Steinkopf

Kora hadde ved årsskifte 15 aktive medlemmer.

Ytre Arna 19.01.2020

Tor Nævdal

/s/

## Årsmelding 2019 for Menighetsbladene i Åsane prosti

Bladet har hatt 5 utgivelser i løpet av året, og hver utgave har bestått av en lokal del og en felles del for prostiet. Hver menighets lokalredaksjon produserer stoff til bladet og dette redigeres av redaktør som også lager innhold til fellessidene.

Bladet finansieres ved støtteannonser og gaver (bladpenger) fra leserne. Målsetting er at driften skal være selvberende, uten behov for driftstilskudd fra menighetene. For 2019 ligger det an til et underskudd. Nedgang i støtteannonser er hovedårsak til underskudd. Bladpenger er forholdsvis stabilt, og er livsnødvendig for bladet. Stor takk til dem som bidrar her!

Styret for bladet består av representanter for hver av de deltakende menighetene, i tillegg er redaktør og annonsekontakt invitert med på møtene. Det har vært holdt ett styremøte og to drøftelsesmøter (ikke vedtaksført fremmøte), samt e-post og telefon/SMS utveksling. Fellesredaksjon har egne møter forut for utgivelse, styreleder har deltatt på et av disse.

Menighetene som deltar i bladsamarbeidet har hatt disse representantene:

Indre Arna - Odd Kjos

Ytre Arna - Thor Kalland / Astri Vårdal

Biskopshavn - Bjørn Otto Aarheim

Eidsvåg - Dag Sunnanå

Osterøy - Jenny Eikeland

Salhus - Wigdis Buanes

Åsane - Karsten Epland

*Bjørn Otto Aarheim, styreleder*